

”Vern Regndalen”
v/Geir Helge Grebstad
6220 Straumgjerde

**Til Olje og energidepartementet
Oslo**

**Kroken Kraftverk- søknad om å bygge kraftverk i Regndalselva i
Sykkylven Kommune, Møre og Romsdal.**

Ang. Kroken Kraft si anke av NVE sitt avslag.

Vi er gjort kjent med at Kroken Kraft har anka avslaget frå NVE inn for Olje-og energidepartementet. Vi ynskjer difor å gi ein kommentar til anka:

I si anke hevdar Kroken Kraft at dei har vore utsett for ein ufin og tilskitna prosess og gjentar fleire gonger at motstandarane har drive skremselspropaganda. Vi kjenner oss ikkje igjen i denne beskrivelsen.

Proessen har utbyggerane sjølve hatt regi på. Mellom dei interesserte i Sykkylven har det dei siste 50 åra vore ei oppfatning at Regndalen er spesiell og særleg verneverdig. Då freding av vassdrag i si tid var oppe til debatt i dei kommunale organa vart det uttalt frå leiaren i Plan og Miljøutvalet: ”Å frede Regndalselva er ingen vits i, den kjem aldri til å bli utbygd”.

Det slo difor ned som ei bombe då almenta, på eit orienteringsmøte frå utbyggjarane, vart gjort kjende med at det låg på bordet ein omfattande søknad om utbygging. Ingen av oss var klar over at det i lang tid hadde vore arbeidd med ein slik søknad. Spørsmål vart stilt både her, og på eit møte i bygda etterpå. Ikkje å undre seg over at reaksjonane var spontane og sterke.

Denne gruppa, ”Vern Regndalen”, har for sin del prøvd å vere så objektive som muleg og søkt å sette fokus på manglar ved søknaden, og på dei kvalitetane ved Regndalsvassdraget som vi meiner er viktige. Det er vel difor det er høve til høyring. Grunneigarlaget hadde kanskje ikkje rekna med det, og det vart ikkje godt motteke.

Det er heller ikkje rett at motstandarane meiner at ”eitt inngrep i naturen er eitt for mykje”. Etter det vi kjenner til vart det ikkje sendt inn protestar på dei andre kraftverka som er bygde i Velledalen.

Det har ikkje vore lett å gå i mot. Dette er våre naboar, vener og kameratar. På den andre sida seier mange av oss at vi ikkje kan stå oppreist dersom søknaden vert innfridd og vi ikkje hadde ryggrad til å seie vår meining. Så mykje betyr Regndalen for oss.

Vi meiner Regndalen må fredast, og at grunneigarinteressene heller må gå i samsvar med desse andre verdiane som Regndalen med elva representerer. Økonomi kan uansett ikkje forsvare ei utbygging av Regndalsvassdraget. Urøyv natur vil også ha stor verdi i framtida. Grunneigarane hevdar full råderett over sine eigedomar, men når deler av eigedomane representerer verdiar av nasjonal interesse må råderetten vike. Det er difor vi har det lovverket vi har for slike saker.

Det er ulikt syn på innhaldet i ordet skånsom og urøyv natur. Det vert argumentert med at utbygginga skal skje på ein skånsom måte og at dei er minst like opptekne av naturvern i

Regndalen som vi. Underleg då å lese truslane: ”Det er naivt å tru at alt blir som før, om grunneigarane sitt rettmessige forvaltningsbehov vert ignorert”. Dei skriv også i anken om sine alternative planar og dei ulempene for almenta dei vil medføre. Vi oppfattar dette som svært alvorleg truslar.

NVE skriv at dei meiner at 124 negative høyringsuttalar er ”svært mykje”. Vi kan legge til at det er omlag 1500 medlemmar av Facebookgrupper som er mot utbygginga. (nokre er med i begge gruppene). Dette viser at det er ein massiv motstand mot utbygging i bygda, og mange har nok ikkje flagga motstanden sin p.g.a. nabofreden.

Begge partar har nok snakka si sak med nokre politikarar, men den med lengst fartstid i politikken er sjølv talsmann for prosjektet og er lommekjend i politikken sine irrgangar. I kommunestyret var det likevel eit solid fleirtal mot utbygging. Vi kan legge til at ordføraren frå Høgre og varaordføraren frå Fremskrittspartiet stemte mot utbygging.

”Vern Regndalen” har stilt kritiske spørsmål til prosjektet, og vi har prøvd å målbere dei verdiane vi meiner Regndalen har, frå topp til dalbotn. Om ikkje Regndalsvassdraget vert verna, kva område skal då vernast?

Kroken Kraft meiner at alle instansar som har gjort vedtak om saka har gjort det på grunnlag av skremselspropaganda, manipulering, feilinformasjon og manglande innsikt i prosjektet. Dette fell på si eiga urimelegheit. Dette er instansar med stor integritet.

Vi har svært stor tillit til dei vurderingane og motsegnene som er gjort av mange, og ikkje minst av Sykkylven Kommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Fylkeskommune og til den konklusjonen NVE har kome fram til.

NVE legg i sitt avslag avgjerande vekt på landskapsmessige forhold og virkningane for friluftslivet. Vi er samde i at dette er avgjerande, men som motsegnene viser har utbygginga også konsekvensar for det biologiske mangfaldet, og dei viser også at den samla belastninga i området er stor. Vi ber om at OED også legg vekt på desse konsekvensane i si vurdering.

Vi oppmodar på det sterkaste om at konsesjonssøknaden til Kroken Kraft vert avslått, slik dei ovanfor nemnde instansane har tilrådd. Om OED vel å sjå bort frå tilrådinga frå samtlege offentlege instansar som har uttalerett, vil det vere svært oppsiktsvekkande.

Vi ber om eit møte med departement/stadsråd for å legge fram vår sak.

Sykkylven, 26.november 2014.

For ”Vern Regndalen”

Geir Helge Grebstad